

Kvitebjørnen

Heimstaddikting



☞ Tida kring hundreårsskiftet var prega av motstridande tankestraumar. På den eine sida skapte den teknologiske utviklinga ei forventning om nye og betre tider. Mange flytte frå landet til byane for å få seg arbeid i ulike bedrifter og fabrikkar. På den andre sida sakna folk levesettet i bondesamfunnet som dei kom frå. Dei frykta at samfunnet slik dei kjende det, ville gå tapt, og dei lengta heim.

☞ Litteraturen i 1890-åra formidla denne uroa, og det utvikla seg ein skrive-tradisjon som seinare fekk nemninga *heimstaddikting*. I denne tradisjonen voks det fram ein vilje til å ta vare på og dyrke det folkelege.


☞ Med heimstaddikting meiner vi at forfattarane skreiv om miljøet på heimstaden sin. Dei ville framheve eigenarten ved landsdelen eller heimstaden, skildre det særmerkte ved miljø, folk og natur.

☞ Storbylivet vart i denne typen diktning skildra som noko usunt og som ei motsetning til livet på landsbygda eller i småbyen. Ei vanleg oppfatning var at det urbane livet førte til rotløyse, mens livet på landet gav ro i sjela. Det var her folk hadde røtene sine.

Rasmus Løland – ein pioner i norsk barnelitteratur

☞ I 1892 gav Nordahl Rolfsen ut *Læse-
bog for folkeskolen*. Boka fekk mykje å
seie for framveksten av ein eigen barne-
litteratur i Noreg. Skulefolk meinte at det
var viktig med tilgang til kvalitetslittera-
tur for å fremme leseevna hos dei yngste.
Samstundes vart det opna skulebok-
samlingar (bibliotek) rundt om i landet.

☞ Rasmus Løland (1861–1907) var ein
av pionerane i moderne norsk barne-
litteratur. Han kom frå Ryfylke i Rogaland
og skreiv i alt 30 bøker, dei aller fleste for
barn. Han var banebrytande som barne-
bokforfattar fordi diktinga hans var blotta
for moralisme og sentimentalitet. Barne-
verda til Løland var realistisk og fylt av
barnleg fantasi og fabulering.



☞ Perioden
frå 1890 til
1910 var ein
gullalder for
norsk barne-
litteratur.
Hos lands-
målsforfatta-
rar som Ras-
mus Løland,
Per Sivle og
Hans Seland

finn vi ei sterk forankring i det heimlege
og lokale, og noko av det same ser vi hos
Gabriel Scott og Hans Aanrud.

☞ Utover på 1900-talet førte Marie
Hamsun og Halvor Floden barneboka og
heimstadtradisjonen vidare. I 1930-åra
var det nyrealistiske straumdrag som sette
farge på barnelitteraturen, for eksempel i
bøkene til Ingeborg Refling Hagen og Kåre
Holt.

Kvitebjørnen i

☞ Barneboka *Kvitebjørnen* var høgdepunktet i produksjonen til Løland. Boka kom ut i 1906, året før han døydde. Handlinga går føre seg i eit bygdemiljø, og i sentrum står fire gutar i alderen ni til tolv år. Vi følgjer dei gjennom ni kapittel, frå den første snøen fell på seinhausten og fram til våren kjem på nytt.

☞ Løland lèt barna dagdrøyme og fantasere. Mellom anna lagar dei ein stor bjørn av snø. Dei holar ut snøbjørnen og dreg av garde på ei fantasireise til Nordpolen. Gutane er også på alle andre måtar som barn elles: Dei rømmer heimanfrå, dei er i opposisjon til dei vaksne, og dei gjer ikkje alltid slik foreldra har formana dei om. For eksempel blir ein lekmannspredikant som kjem til bygda, utsett for snøballkasting.



☞ I den same boka gir Løland også eit innblikk i lekmannsrørsla på Vestlandet seint på 1800-talet. Dei lekmannskristne meinte det ikkje var godt nok å tilhøyre kyrkja, ein skulle i tillegg ha gjennomgått ei åndeleg vekking for å kunne kalle seg ekte kristen. I *Kvitebjørnen* blir lekmannsrørsla skyteskive for Løland både i bokstavleg og overført tyding.

Ein antididaktisk skrivemåte

☞ *Kvitebjørnen* bryt med den tradisjonelle *didaktiske* barneboka, som var moraliserande, åtvarande og formanande. Det blir sagt om Løland at han bruker ein *antididaktisk* skrivemåte, særleg i *Kvitebjørnen*, og at han var ein banebrytar for den moderne, realistiske barneboklitteraturen som voks fram på 1900-talet.

☞ Rasmus Løland bryt med lange, ned-arva opplæringstradisjonar og tradisjonelle rollemønster. Han har evna til å setje seg inn i korleis barn tenkjer og føler, og han har innsyn i sjelelivet til barn.

☞ I 1959 kom *Kvitebjørnen* ut i ny utgåve, forkorta og dels omskriven av Halldis Moren Vesaas.



Filmen er produsert av Kristin Eriksen Vold etter eit manus basert på forteljinga *Soga om guten og grisen*.



Soga um guten og grisen

Ein pådrivar for landsmålet

☞ Rasmus Løland engasjerte seg sterkt i målsaka. Han var ein ivrig pådrivar for den nynorske teaterørsla, og han var med på å skipe Noregs Ungdomslag. I tillegg var han ein sentral person i unionssaka og ein forkjempar for demokratisering og røysterett.

☞ I første del av forfattarskapen var Løland ihuga purist. Han meinte at ein ikkje skulle bruke ord som kom frå tysk eller dansk. Seinare endra han haldning i dette spørsmålet, han syntest det viktigaste var at målet var norsk i stil og tonelag.

☞ Arbeidet for norsk mål var nok ein viktig grunn til at Løland skreiv for barn. Han ville skape interesse for litteratur og lesing hos dei yngste, og denne littera-

turen skulle vere på eit mål som barna kjende seg trygge på. Tanken var at ein på denne måten skulle vinne kampen om skriftmålet etter kvart.



Bjennesteinen



Bjedne-kniven



nashornet.no

